



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Storfjordens Venner  
v/Kjell Løseth  
6200 STRANDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	10.08.2016	50922/2017/STRANDA	Helge Aarset,71 28 03 31	01.06.2017

## Statsbudsjettet 2017, kap. 1429, post 79: Tiltak i verdsarvområdet Geiranger. Tilsegn om tilskot til våningshus på Litlesætra, Stranda kommune, gbnr 96/2

Møre og Romsdal fylkeskommune har motteke 1 200 000 kroner frå Statsbudsjettet 2017, kap. 1429, post 79: Tiltak i verdsarvområdet Geiranger.

Viser til søknad om tilskot på 1 050 000 kroner til våningshuset på Litlesætra på Åkerneset.

Kultur- og folkehelseutvalet har i sak KF-10/17 vedteke å gi desse tilskota til prosjektet:

- Frå statsbudsjettet 2017: 250 000 kroner
- Midlar som er trekt tilbake frå forelda tilsegner: 386 000 kroner
- Frå oppsparte rentemidlar: 194 000 kroner

Samla tilskot til prosjektet etter utvalet sitt vedtak i sak KF-10/17 er **830 000 kroner**.

Fylkeskommunen oppmodar dykk til å søkje ytterlegare tilskot til prosjektet i 2018 slik at prosjektet kan gjennomførast etter den planlagde framdrifta.

Vidare korrespondanse og dokumentasjon i saka skal merkast med saksnummer 2016/22446 og sendast på e-post til [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no). Vidare saksgang og føresetnad for utbetaling:

1. Tilskotsmottakaren skal fylle ut og returnere vedlagte akseptskjema seinast 4 veker etter mottak av tilsegnsbrevet.
2. Oppstart av tiltaket skal skje i samsvar med vilkåra for tildeling, sjå side 3 i tilsegnsbrevet.
3. Søknaden med kostnadsoverslag gjer konkret greie for dei planlagte tiltaka. Ut frå dette vil 75 % av tilskotet bli utbetalt etter oppmoding når søkjaren stadfestar at tiltaket er starta opp. Stadfesting av plan for gjennomføring skal følgje oppmodinga, sjå side 3 i tilsegnsbrevet. Etersom gjennomføringa vil strekkje seg over fleire år, kan de søkje om overføring av tilsegna til 2018 samtidig med oppmoding om delutbetaling.
4. Restbeløpet av tilskotet blir utbetalt etter at tiltaket er gjennomført og søkjar har sendt inn revidert sluttregneskap og rapport.

Fullstendig informasjon om vilkår, varigheit for tilskotet, rapportering, kontroll og klageadgang står **på side 3 i tilsegnsbrevet** og i vedlegget «Retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429, post 71-79». Vi ber tilskotsmottakar lese desse nøye.

Tilskotsmottakar aksepterer vedtekne vilkår ved mottak av tilskotet.

Tilskotet kan trekkast heilt eller delvis tilbake dersom

- kostnadane for tiltaket blir lågare enn førespeila i søknaden
- vilkår og rapportering ikkje blir følgd opp
- tilskotet blir brukt til andre tiltak enn det dei er øymerka til, sjå vilkår for tildeling på side 3.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

Helge Aarset  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og signert.*

Vedlegg:

- Akseptskjema
- Retningslinjer frå Riksantikvaren

Gjenpart:

- **For utbetaling av 75 %:** 622 500 kroner  
Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7503.1159 (fond 25150508, KG 23250563) og overførast bankkonto 4030.07.05709.
- **For utbetaling av restbeløp:** 207 500 kroner  
Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7503.1159 (fond 25150508, KG 23250563) og overførast bankkonto 4030.07.05709.

Kopi:

- Stranda kommune,
- Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo
- Leif Petter Åkernes, Urabakken 80, 6017 Ålesund

## **Vilkår for tildeling av tilskot**

### **Før oppstart av arbeidet skal tiltakshavar ha:**

- Kontakte Møre og Romsdal fylkeskommunen for å avklare behovet for oppstartsmøte/synfaring i lag med fylkeskommunen og eventuelt ha gjennomført dette.

### **Varighet**

- Tilskotet er gitt for 2017, og er gyldig til 31.12.2017. Tilskotet kan overførast til 2018 etter søknad med frist 01.12.17.

### **Kva skal tilskotet nyttast til?**

- Tilskotet skal dekke istandsetting av verneverdig bygning og skal ikkje nyttast til standardheving.
- Ditt tilskot er øyremerkte følgjande tiltak: istandsetting av våningshuset i samsvar med tiltaksrapporten og tiltaka i kostnadsoverslaget.

### **Rapportering**

1. Delrapportering:
  - Stadfesting på oppstart av tiltaket og plan for gjennomføring som gjer konkret greie for tiltaka som blir utført, materialbruk og framdrifta i prosjektet.
2. Sluttrapportering:
  - Sluttrapport med tekst og bilete som syner at utført arbeid er i tråd med dei krav som fylkeskommunen har stilt.
  - Revidert rekneskap. For tilskot over 300 000 kroner skal rekneskapen vere revidert av autorisert revisor.
3. Rapportering skal sendast til kulturavdelinga pr post eller e-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) og merkast **Statsbudsjettet kap 1429 post 79 for 2017, våningshus på Litlesætra, Stranda kommune gbnr 96/2.**

### **Kontroll**

- Jf. Bevilgningsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren kan føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter vilkåra. Riksrevisjonen har tilsvarande kontrolltilgjenge jf. lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.
- I tillegg kan fylkeskulturavdelinga og fylkesrevisjonen føre kontroll med at midlane er/blir brukt etter vilkåra.

### **Om klageadgang**

Dette vedtaket om tilskot kan påklagast til Riksantikvaren jfr forvaltingslova § 28. Ein eventuell klage skal stilast til Riksantikvaren, men sendast via Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga innan tre -3 veker etter at dette skriv med vedtaket er motteke.